



Tellinga av røyster startar og Steinar Kroka og Britt Arnesen har eit tidspress

**510 av 729 uskedelinger røysta ved valet og det betyr ein frammøteprosent på 70 som berre er eitt hakk betre enn for 4 år sidan då den var 68,5. Likevel er tendensen altså positiv, i motsetnad til einskilde tidlegare val då bygda fleire gonger låg på jumboplass i frammøte i Kvinnherad.**

**Likevel var det skuffande få ungdommar som røysta og røystestyret hadde inga anna forklaring enn håpet om at fleire av dei hadde røysta på førehand. Innslaget av fyrstegongsveljarar ved urna i Aktivitetshuset var i alle fall svært beskjedent.**



Oscar Langballe set punktum like før klokka 19. Han var den siste veljaren ved dette valet

Dei eldre var derimot svært flinke til å gjera borgarplikta si. I tillegg til dei 2 nittiåringane som vi har nemnt på annan plass registrerte vi fleire som er oppe i åttiåra.

Innslaget av veljarar med innvandrarbakgrunn var heller ikkje stort - vi registrerte berre 3. Trafikken til vallokalet var relativt jamn gjennom dei 8 timane og det var ikkje tendensar til kø. Heller ikkje i den ærverdige urna frå 1903 var det plassproblem!

Stemningen var ellers god og avslappa slik det helst blir i eit samfunn der alle kjenner alle. Eit fåtall kom med kommentarar men nesten ingen avslørte kva dei hadde stemt.

Dette var ein replikk som gjekk att: - No er det gjort, eg håpar det var rett. Akkurat det er det delte meiningar om....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Johanna Yri er 87 men gjer si borgarplikt